



Arkivsaknr: 2024/6102-51
Sakshandsamar: Tone Margrethe Bærland
Furustøl
Avdeling:

SAKSFRAMLEGG

Klage på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø for fjerning av grunne i sjø med 2 vilkår - gbnr 229/9 Bjørsvikvegen

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Utval for areal, plan og miljø	

KOMMUNEDIREKTØREN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Klagen ifrå Statsforvaltaren i Vestland og klage frå 3 naboar i fellesskap med nabomerknad til søknaden på dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø for fjerning av grunne i sjø med 2 vilkår – Bjørsvika, datert 06.05.2025 og 11.05.2025, vert teke til følgje.

Nytt vedtak i saka skal lyde:

«Søknad om dispensasjon frå arealføremål bruk og vern av sjø for sprenging i sjø vert avslått. Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova § 19-2.»

Grunngjeving går fram av vurderinga i denne saka.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga. Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33.

SAKSUTGREIING

Utvalssaknr.	35/25, datert 26.03.2025
Påklaga vedtak	Dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø for fjerning av grunne i sjø med 2 vilkår – Bjørsvika, datert 26.03.2025
Tiltak:	Fjerne ca. 760m ² fast fjell i sjø. Tiltaket skal sikre naudsynt seglingsdjupne for moderne brønnbåtar knytt til settefiskanlegget.
Søknadstype:	Dispensasjon
Eigedom:	Gbnr. 229/9
Adresse:	Bjørsvikvegen 135A, 5993 Ostereidet
Tiltakshavar:	Lerøy Vest AS avd. Bjørsvik Settefisk
Klagar:	Statsforvaltaren i Vestland samt 3 naboar i fellesskap;

Utsatt iverksetting: Gjeve den 23.05.2025

Vurderingstema for APM

APM må vurdere om dei oppretthalda eige vedtak som gjer dispensasjon frå arealføremålet bruk og vern av sjø, for vesentleg terrenginngrep under vatn, som inneber sprenging og fjerning av grunne. I tillegg har APM tilføyd to tilleggsvilkår:

1. Krav til plan for massehandtering
2. Vurdering av naturverdiane. Dokumentasjon skal ligge føre på tidspunktet for byggesøknad.

Når saka var til handsaming til APM den 26.03.2025, så var det administrasjonen si tilnærming til saka følgjande:

«Dispensasjon bør vurderast særleg i lys av at det føreligg svært dårleg kunnskapsgrunnlag om konsekvensar for natur og miljø i sjøen. Det er tatt nokre bildar av grunna, men ikkje utreda naturverdiar og konsekvensar for natur og miljø. Fiskeridirektoratet har og rådd ifrå dispensasjon med omsyn til mogeleg negativ påverknad av kysttorskens gytesuksess i området. Vidare må det og tas i betraktning at det er ein reguleringsplan under arbeid som vil ivareta nettopp dei nemnte omsyna til natur/miljø som ein dispensasjon ikkje fangar opp.»

Nytt i klageomgangen

Tiltakshavar har supplert søknaden om dispensasjon i klageomgangen:

1. Plan for massehandtering, datert 08.05.2025 (vedlegg F-3)
2. Vurdering av naturverdiane, sjå rapport Lerøy Bjørsvik – reguleringsplan kaiområde, datert 08.05.2025 (vedlegg F-4). Ruglbotn er ikkje observert.

Tilleggsdokumentasjonen kan handsamast i klageomgangen då den ikkje endrar tiltaket eller plassering, men bidrar til å opplyse saka ytterlegare, jf. forvaltningslova (fvl.) § 33, jf. § 17.

Vedtaket det klagast på

Vedtaket det klagast på lyd slik:

«Vedtak i Utval for areal, plan og miljø - 26.03.2025:

APM stadfestar sitt vedtak av 04.12.2024 og opprettholder dispensasjons frå arealføremål i kommuneplan for Lindås 2019-2031.

Det må utarbeidast plan for massehandtering som skal godkjennast av Alver kommune.

Det må gjerast ein vurdering av naturverdiane og dokumentasjon må leggjast fram saman med byggesøknad»

Klage, klagerett, klagefrist og tidlegare handsaming i APM

Kommunen har mottatt klage frå Statsforvaltar. Klagar har klagerett i saka som sektorstyresmakt. Vedtak i saka er sendt ut 24.04.2025. Klagen er mottatt 06.05.2025 og er mottatt innan fristen.

Kommunen har mottatt klage frå 3 naboar i fellesskap med nabomerknad til søknaden. Klagar har klagerett i saka som part. Vedtak i saka er sendt ut 24.04.2025. Klagen er mottatt 11.05.2025 og er mottatt innan fristen. Klagarane har i tillegg sendt den same klagen i kvar si forsending til kommunen. Dette til orientering.

Saka har vore handsama av APM tidlegare. APM har handsama saka med utvalssaknr. 35/25, datert 26.03.2025 og 134/24, datert 04.12.2024. I tillegg ha saka ei lengre sakshistorikk. Det er gjeve ei administrativ utgreiing om saka si historikk i saksframlegget, datert 26.03.2025. Administrasjonen viser til avsnittet «Historikk i saka» på side 3.

Planstatus, kart og foto, uttale frå andre mynde, dispensasjon

Sjå utgreiing i saksframlegget, datert 26.03.2025

Klagegrunnar

Klagen ifrå Statsforvaltar er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Fiskeridirektoratet har rådd ifrå at det vert gjeve dispensasjon ut frå omsyn til nærliggjande gytefelt. Fiskeridirektoratet syner til nærliggande gytefelt, der tiltaket potensielt kan gje store verknader for miljø og at dette utløyser plankrav. Miljørettsprinsippa i naturmangfaldslova §§ 8-12 er kommunen bunden av.

Reguleringsplan kan avklare miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoda for akkurat denne lokaliteten. Dette kan bety at drift på denne lokaliteten må nytte mindre båtar og det kan bety at ein annan lokalitet er betre eigna. Det er uklart om det finst verdifull natur i området som kan bli påverka av tiltaket. Statsforvaltaren ønskjer å vite om det kan vere ruglbotn i nærleiken då det er sett kalkalgar i eine grabben ved ei undersøking for settefiskanlegget. Vidare er det uklart korleis genererte overskotsmassar skal handterast.

Det skal ligge føre vurderingar av naturverdiane i sjø og massehandtering før Statsforvaltaren kan ta stilling til saka.

Statsforvaltaren konkluderer med at både arealformål bruk og vern av sjø og/eller nasjonale interesser vert vesentleg tilsidesette i denne saka. Tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn. Tiltaket bør difor inngå i ein reguleringsplan, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 12-1.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

Klagen frå 3 naboar i fellesskap med nabomerknad til søknaden er i hovudsak grunngjeve med følgjande:

Klagar viser til tiltaket og omsyn til fugl, kvinand og toppand, havelle, fiskemåke samt påverknad for sjøstrøymar, botnforhold og livet i sjøen. Dei viser til Fiskeridirektoratets uttale og omsynet til kysttorsken. Dersom grunna vert fjerna, så vil større båtar føre til endra visuelt landskap, forverra luftkvalitet og mykje støy i anleggsperioden.

Klagar meiner ein reguleringsplan, som vil innhente og kvalitetssikre opplysning om naturverdiar på land, luft og sjø i tråd med føremålsbestemmelsen i plan- og bygningslova § 1-1, er rett løysing i saka. Dette vil sikre bygdas miljø og ei berekraftig framtid for alle skapningar som vert påverka av tiltaket.

Det vert vist til klagen i sin heilskap som følgjer vedlagt.

KOMMUNENES VURDERING I KLAGEOMGANGEN

Administrasjonen viser til vurderinga som vart gjort ved handsaminga av klagen i saksframlegget til APM, datert 26.03.2025, og legg denne til grunn. Det vart gjort følgjande vurdering:

«I begge klagene er det påpekt at natur og miljøomsyn ikkje er tilstrekkeleg hensyntatt og kartlagt. Administrasjonen er einig med Statsforvaltar og naboar i den vurderinga.

Vidare peikar Statsforvaltar på at vedtaket ikkje er fyller lovens vilkår om at fordelane er klart større enn ulempene. Dette er administrasjonen samd i. Dei negative verknadene for natur og miljø, kombinert med manglande kunnskapsgrunnlag for å definere negative naturkonsekvensar tilseier at fordelane ikkje kan være klart større enn ulempene.

I lys av at det pågår ein planprosess som vil mogeleggjera tiltaket, samstundes som det gjerast ein helskapeleg vurdering der omsyn til natur, miljø, og havbruksinteressar vert ivareteken på ein forsvarleg måte.»

Vurderingar av moment i klagen

I klageomgangen har tiltakshavar supplert søknaden med plan for massehandtering og vurdering av naturverdiane.

Spørsmålet er om desse nye opplysningane gjer saka så godt opplyst at det er avklart at tiltaket ikkje kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. plan – og bygningslova § 12-

Utgangspunktet er at dispensasjon er ein snever unntaksregel og ingen har krav på dispensasjon, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Administrasjonen viser til føremålsbestemmelsen i plan- bygningslova § 1-1, 1. ledd - 4. ledd:

§ 1-1. Lovens formål

Loven skal fremme bærekraftig utvikling til beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjoner.

Planlegging etter loven skal bidra til å samordne statlige, regionale og kommunale oppgaver og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressurser.

Byggesaksbehandling etter loven skal sikre at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak. Det enkelte tiltak skal utføres forsvarlig.

Planlegging og vedtak skal sikre åpenhet, forutsigbarhet og medvirkning for alle berørte interesser og myndigheter. Det skal legges vekt på langsiktige løsninger, og konsekvenser for miljø og samfunn skal beskrives.

Administrasjonen viser til kravet til reguleringsplan i plan- bygningslova § 12-1, 1. ledd - 3. ledd 2. punktum:

§ 12-1. Reguleringsplan

Reguleringsplan er et arealplankart med tilhørende bestemmelser som angir bruk, vern og utforming av arealer og fysiske omgivelser.

Kommunestyret skal sørge for at det blir utarbeidet reguleringsplan for de områder i kommunen hvor dette følger av loven eller av kommuneplanens arealdel, samt der det ellers er behov for å sikre forsvarlig planavklaring og gjennomføring av bygge- og anleggstiltak, flerbruk og vern i forhold til berørte private og offentlige interesser.

For gjennomføring av større bygge- og anleggstiltak og andre tiltak som kan få vesentlige virkninger for miljø og samfunn, kreves det reguleringsplan. Tillatelse etter [§ 20-2](#), jf. 21-4 for slike tiltak, kan ikke gis før det foreligger reguleringsplan.

Dokumentasjonen for massehandtering og vurdering av naturverdiane syner at tiltaket får vesentlege verknad for miljø og samfunn. Tiltaket krev difor reguleringsplan. Ein reguleringsplan som offentlege mynde og naboar skal få moglegheit til å uttale seg om i ein open og forutsigbar planprosess som sikrar medverknad, jf. plan- og bygningslova § 12-1 tredje ledd første punktum og § 1-1.

Vidare vil det frie gode i form av rent vann, ren luft samt fisk og fuglar ikkje ha moglegheit til å uttale seg eller klage på tiltaket. Deira omsyn må difor vurderast og takst omsyn til i en planprosess, jf. naturmangfaldlova §§ 8-12. Dette vert underbygga av Statsforvaltaren sin klage, Fiskeridirektoratet sin negative uttale om gytefelt og naboane sin felles klage. Slik Statsforvaltaren viser til, så vil planprosessen belyse om drift på denne lokaliteten må nytte mindre båtar med den følgje at ein annan lokalitet er betre eigna. Tiltakshavar kan difor

ikkje påberope seg eit snarleg behov for fjerning av grunna så lenge det ikkje er avklart om akkurat dette stedet må nytte mindre båtar med den følgje at ein annan lokalitet er betre eigna. Dette til tross for at tiltakshavar fremjar eit snarleg behov for sikre naudsynt seglingsdjupne for moderne brønnbåtar knytt til settefiskanlegget.

Det er ikkje tiltakshavars einsidige behov som skal gis forrang. Plankravet sikrar ein gjensidig prosess for alle partar, der både tiltakshavars behov, verknader for miljø og samfunn samt miljøretta prinsipp i naturmangfaldlova §§ 8-12 vert belyst, jf. kravet til reguleringsplan i § 12-1 og føremålsbestemmelsen i plan- og bygningslova § 1-1.

Tiltaket kan få vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. plan – og bygningslova § 12-1. Det skal vere openheit, forutsigbarheit og medverknad rundt tiltaket, jf. føremålsbestemmelsen i plan- og bygningslova § 1-1. Tiltaket skal difor inngå i ein reguleringsplan.

På denne bakgrunn, så legg administrasjonen til grunn at både arealformålet bruk og vern av sjø og nasjonale interesser vert vesentleg tilsidesette i saka, jf. plan. og bygningslova § 19-2. Det kan ikkje gis dispensasjon då rettsleg vilkår for dispensasjon ikkje er oppfylt.

Konklusjon

Det er kommunedirektøren si vurdering at det ikkje har komen fram nye opplysningar i klagesaka som tilseier at det positive vedtaket frå APM, dater 26.03.2025, skal oppretthaldast. Dei nye opplysningane viser derimot at det naudsynt med ein reguleringsplan som vil sikre alle partar. Klagen frå Statsforvaltaren og naboane skal takast til følgje og vedtaket gjerast om.

På denne bakgrunn rår kommunedirektøren til at klagene vert tatt til følgje.

GENERELL INFORMASJON

Vidare sakshandsaming

Om klagen ikkje vert teke til følgje vert saka sendt Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

Om klagen vert teke til følgje, vert vedtaket eit nytt enkeltvedtak som partane kan klaga på. Vedtaket skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland til klagevurdering.

Nytta lovverk

- Den som er part eller som har rettsleg klageinteresse har rett til å klage over vedtaket, jf. forvaltningslovens § 28.
- Klagefristen er tre veker frå den dag underretninga om vedtaket kom frem til parten. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristens utløp. Dersom klagen kjem inn etter fristens utløp, vil den bli avvist. Klagen kan likevel tas under behandling når det ligg føre særlege grunner eller klager ikkje kan lastast for forseinkinga, jf. forvaltningslovens §§ 29, 30 og 31.
- Dersom ein part meiner at vedtaket ikkje er grunngjeven, kan det settast frem krav om dette innan klagefristen utløp, jf. forvaltningslovens §§ 24 og 25.

- Klagen må nemne det vedtaket det klagast over, kva som ønskes endra og vere underteikna av klagaren eller hans fullmektig. Klagen bør grunngjevast, jf. forvaltningslovens § 32.
- Vedtaket kan gjennomførast sjølv om det er påklaga. Klager kan likevel be om å få utsatt iverksettinga av vedtaket, inntil klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Statsforvaltaren kan på sjølvstendig grunnlag ta stilling til spørsmålet om utsatt iverksetting av vedtaket, jf. forvaltningslovens § 42.
- Med visse begrensningar har partane rett til å sjå dokumentane i saka, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen vil kunne gje nødvendig veiledning for at alle partar skal kunne ivareta sine interesser på best mogleg måte, jf. forvaltningslovens § 11.
- Kommunen sin frist for å saksførebu klagesaka for klageorganet er 8 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 c.
- Der Statsforvaltaren i Vestland er klagar, vert klagesaka vidaresendt til departementet for oppnemning av setjestatsforvaltar. Sakshandsamingsfrist for oppnemning av setjestatsforvaltar er 6 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-8, jf. byggesaksforskrifta § 7-1 e.
- Der vedtaket er endra til gunst for klager i klagesaken, er det adgang til å kreve dekning for nødvendige og vesentlige kostnader til advokat eller utgifter til annen juridisk bistand. Kravet må vere framsett innan tre veker etter at underretning om det nye vedtaket er kome frem til klager, jf. forvaltningslovens § 36.
- Søksmål om gyldigheten av vedtaket, eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, kan ikkje reisast utan at ein har brukt sin adgang til å klage på vedtaket og klagen er avgjort av høgste klageinstans. Søksmål kan likevel reisast når det er gått 6 månader frå klage fyrste gang ble framsett og det ikkje skyldast forsømmelse frå klagars side at klageinstansens avgjerd ikkje ligg føre, jf. forvaltningsloven § 27 b.

Vedlegg

- 1 Q-1 Mowi Star Grunnberøring Bjørsvik.pdf
- 2 D-4 Vedlegg Kart IMG 20250303 0001.pdf
- 3 Svar på merknader på klagen - Bjørsvikvegen 135A gbnr. 229/9 - Fjerning av grunne
- 4 Saksframlegg med vedtak
- 5 Klage - dispensasjon - Alver 299_9 - Bjørsvikvegen 135 A - fjerning av grunne i sjø.pdf
- 6 brev.pdf
- 7 2025.05.11 Bjørsvik Settefisk Klage.pdf
- 8 Skjema
- 9 Massehandteringsplan 08.05.25

- 10 F-4 10258928-01-RIM-RAP-001 Naturkartlegging i Sjø, Bjørsvik
- 11 Merknader på klage mottatt 16.05.2025 - gbnr. 229/9
- 12 Kommentar på klage mottatt 16.05.2025 på fjerning av grunne.V2.pdf
- 13 C-6 Svar på naboanmerkninger - Fjerning av grunne TR 24.04.2024 (1) (1) (1).pdf
- 14 Q-2 AKU-01 rev2 R 241025 Settefiskanlegg Kjærelva Fitjar - støykartlegging A (1).pdf
- 15 Q-1 Mowi Star Grunnberøring Bjørsvik (1) (1).pdf
- 16 Avgjerd om utsatt iverksetting for dispensasjon for fjerning av grunne i sjø-gbnr 229/9 Bjørsvikvegen